

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 26.9.2017 KL. 14.15 – 16.00

Til stades: Jens Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Henning Laugerud, Christine Hamm, Juliane Tiemann (for Synne Ytre Arne) Sunniva P. Johansen, Erik Bjerck-Hagen og Håvard Peersen.

Fråfall: Gunnstein Akselberg

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.

II. Framlegging av referat frå møtet 14.6.2017
Det var ingen kommentarar til referatet.

16. Nasjonale retningsliner for open tilgang til vitenskaplege artiklar – diskusjonssak

FFU hadde eit langt ordskifte om saka. Sentrale moment:

- Kva vil dei nye retningslinene ha å seia for publiseringspraksis ved HF? Korleis skal systemet følgjast opp?
- Retningsliner og informasjon om kva tidsskrift som aksepterer publisering i institusjonsarkiv vart etterlyst.

Det var semje i FFU om å senda brev om saka til fakultetet. Eike lagar utkast til brev.

17. Oppfølging av ph.d.-kandidatar når ordinær ph.d.-periode går ut – diskusjonssak

Det var brei semje i FFU om å formalisera oppfølging av ph.d.-kandidatar som ikkje har levert avhandlinga når ph.d.-perioden/finansieringa går ut. Det var semje om følgjande:

- Perioden for ein søknad om forlenging må normalt vera innanfor 6 månader.
- Det må leggjast opp til eit møte med kandidat og rettleiar i samband med ein slik søknad.
- Det må koma tydlegare fram av skjemaet kva kandidaten søker om.

18. Orienteringssaker:

a) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar

Dei spesialsakkunnige leverer rapportar i slutten av september, og komiteen håpar å kunna ha klar rapport med rangering innan utgangen av oktober.

b) Innmelding av publikasjonskanalar til NSD – frist 30. november.

Håvard sender informasjon til vitenskaplege tilsette om dette.

c) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/ NFR (HUMEVAL)

Kort orientering om signal frå NFR v/Eike.

d) Oppfølging av LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – arbeidet med arbeidsgruppene.

Kort orientering v/ Eike

19 Ymse

Det var ingen saker under ymse.

2.10.2017

Anne Berit Apold, skrivar